

# UTLÅNSREGLEMENT FOR VALLE FOLKEBIBLIOTEK

## 1. Registrerte lånarar

Alle personar har lånerett frå det året dei fyller 7 år. Instutisjonar har og lånerett.

## 2. Lånekort

Alle lånarar får lånekort som ein skal ta med når ein skal låne. Biblioteket kan krevje legitimasjon ved utskrivning av nye lånekort.

## 3. Media

Dette gjeld for bøker, anna trykt matriale og AV- media. Unntaket er video som har eige utlansreglement.

## 4. Lånetid

Personlege lånarar kan låne så mykje dei vil. Bøker, anna trykt materiale og lyd bøker kan ein låne i fire veker, språkkurs i 8 veker. Det er høve til å fornye lånet, dersom ikkje andre lånarar står på venteliste. Instutisjonar kan behalde materialet i åtte veker.

## 5. Reservering

Lånaren kan få reservert materiell som ikkje er tilstades i biblioteket. Valle folkebibliotek gjev melding når ein kan hente det reserverte materiellet.

## 6. Lån frå andre bibliotek

Dersom Valle folkebibliotek ikke sjølv eig det materiellet som lånaren treng, vert det tinga frå Aust-Agder fylkesbibliotek eller frå andre bibliotek. Biblioteket sitt utlansreglement gjeld og for slike lån. Lånaren skal ikkje betale dei utgiftene som Valle folkebibliotek har hatt i samband med fjernlånet.

## 7. Ansvar ved tap eller øydelegging av lånt materiell

Lånaren er ansvarleg for det materiell som er lånt på hans lånekort, og det er lånarens plikt å erstatte det pliktar å erstatte det materiellet som er kome bort eller som er øydelagt.

## REGLEMENT FOR UTLÅN AV VIDEO/DVD VED VALLE FOLKEBIBLIOTEK

1. Lån av video/DVD er gratis. Lånetida er 1 veke. Tapt eller øydelagd videokassett/DVD må du erstatte.
2. Du kan ikkje reservere video/DVD. Personalet kan setje grense for kor mange videoar/DVD'ar du kan låne for kvar gong.

3. Videokassettane/DVD'ane må du handsame varsamt - og ikkje leggje dei t.d. oppå videospelaren og hågtalarar som inneheld magnetar, då dette kan øydeleggje innspelte program.